



Bø kyrkjeblad

Utgåve 23 - Mars 2026

Jeg løfter mine øyne opp til fjellene
hvor skal min hjelp komme fra?
Min hjelp kommer fra Herren,
himmelens og jordens skaper.

SALM E 121/1-2

Utallig så som sand
og uten måte
som havets dype vann
er Herrens nåde.

KINCO

Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje
**Angelika
Faber Karsrud**

410 28 633
ak485@kyrkja.no



Kontorfullmektig
**Dagne
Mo**

404 31 829
dm732@kyrkja.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
ab242@kyrkja.no



Kapellan
**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
ph234@kyrkja.no



Sekretær
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
so997@kyrkja.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
gs257@kyrkja.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806
hh347@kyrkja.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533
pn865@kyrkja.no



**Berit
Bjørnerud**

976 74 660
bb346@kyrkja.no



Organist
**Øyvind
Sundvalen**

476 53 816
os946@kyrkja.no

Namna minnelund



Foto: Signe Vreim Østtveit

Av kyrkjeverje Angelika Faber Karsrud

I skrivande stund held vinteren framleis eit fast grep om skaparverket, men snart vil kvitveis og blåveis igjen vitne om nytt liv – og samstundes nærmar Namna minnelund på Bøhaugen seg ferdigstilling.

Arbeidet starta for snart to år sidan med ei eiga arbeidsgruppe. Vi ønskte å byggje ein stad som folk i alle generasjonar vil oppsøkje og bruke litt tid ved – ikkje berre eit monument over døden. Ein namna minnelund er eit gravfelt med felles gravminne og umerkte graver, der namn kan førast på egne plater.

I Midt-Telemark forvaltar kyrkjeleg fellesråd tre gravplassar ved mellomalderkyrkjene våre. Prosessen har difor vore grundig og i dialog med biskop, statsforvaltar og fylkesarkeolog – i tillegg til ordinære kommunale løp.

Løysinga skulle vere gjenkjennande og kunne brukast i heile kommunen, og byggjer på lokale og kulturhistoriske symbol: gravhaug, varde, steingjerde og korn. Gravhaugen viser til vår lange historie og tradisjonen med å markere ein siste kvilestad i landskapet. Varden symboliserer retning og tryggleik – eit punkt som viser veg. Steingjerdet, mura på gamlemåten med stein frå Roheimheia, står som eit uttrykk for det varige og for fellesskap og omsorg. Kornet er valt som eit samlande symbol for fellesskapet vårt, knytt til årstidene og

generasjonars arbeid med jorda. I kyrkjeleg samanheng går kornet igjen som eit bilete på livsrytmen – død, forandring og nytt liv – både i Det gamle og Det nye testamentet.

Arbeidsgruppa arbeidde, som nemnt, med alle gravplassar i kommunen, og det er planar om namna minnelundar med felles tematikk på gravplassane både i Sauherad, Bø og på Nes. Bøhaugen er først ut. SØR arkitekter ved Elisabeth Grefsrød har utforma prosjektet i samarbeid med Arnt Darrud, og Telemark Park & Hageanlegg har stått for utføringa saman med lokale leverandørar.

Minnelunden består av ein sirkelforma plass med monumentet i midten. Staden skal vere inviterande – med god tilgang for alle, sittebenkar, plantning og egne plassar for blomster og lys. Monumentet er knytt til eit urnefelt forma som ein gravhaug.

Minnelunden blei i hovudsak ferdigstilt i fjor haust. Når våren slepp til, blir det tilsåing av gras og montering av dei siste detaljane. Pårørande som vel denne forma for gravlegging, kan kjøpe messingplater med plass til inntil to namn, som blir festa på stiliserte kornaks.

Når lyset vender tilbake og jorda vaknar, ser vi korleis nytt liv spring ut av det som har lege stille. Slik håpar vi at minnelunden kan bli eit rom der både sorg og håp får plass.



Påskebønn

Av Andrii Pinschuk

Din oppstandelse, Kristus Frelser, reiste oss opp av støvet.
Din oppstandelse, Kristus Frelser, frigjorde oss fra syndens fangenskap.
Din oppstandelse, Kristus Frelser, gav oss tilgivelse for våre synder.
Din oppstandelse, Kristus Frelser, skjenket oss seier over døden.
Din oppstandelse, Kristus Frelser, åpnet veien til hellighet og barnekår hos Gud.
Din oppstandelse, Kristus Frelser, førte oss til den himmelske Far.
Din oppstandelse, Kristus Frelser, gav oss Den Hellige Ånds nåde.

Min sjel jubler, synger og priser din hellige oppstandelse.
Gi meg et hjerte som er oppreist fra synd og død, allerede her på jorden.
Gi meg nåde til hver dag å leve med deg, puste med deg og glede meg i deg,
min oppstandne Herre.

Gi meg nåden fra din Hellige Ånd, så jeg hver time kan fylles av lyset fra din oppstandelse og selv være et lys som står høyt og skinner for alle omkring.

La meg få være et redskap for din kjærlighet og en sendebud for deg,
vår oppstandne Herre og Frelser.

Og når mitt jordiske liv er fullført, la meg få være med deg i ditt rike.

Amen.

Soknerådet og rådsarbeidet

Kjære kyrkjelyd

Vi i soknerådet er opptekne av at tilsette og frivillige i Bø sokn skal ha ein stad der dei kjenner at dei høyrer til. Vi har eit overordna ansvar for alt som skjer i kyrkjelyden og har oversikt over alle aktivitetar og økonomi. Soknerådet møtest om lag ein gong i månaden og tek for seg mange ulike saker. No på vinteren er det budsjett og rekneskap som skal godkjennast og presenterast for årsmøtet. Dei mange postane i budsjettet viser at vi er ein aktiv kyrkjelyd med mange møteplassar for medlemene våre.

Det er spennande å setje seg inn i korleis kyrkja vår er organisert og driven. Heldigvis har vi ein dyktig stab som tek seg av den daglege drifta, medan vi i soknerådet bestemmer kva vi vil ha fokus på og kva områda som er viktige for at kyrkjelyden skal vere ein god stad for alle.

Dei mange arbeidsoppgåvene som skal fyllast av rådsmedlemene har vi delt mellom oss i utval. Desse dekkjer områda diakoni, undervisning, gudstenester og givarteneste. I tillegg har soknerådet ansvar for kyrkjelydsbladet, der det har vore viktig å finne pengar til vidare drift. Heldigvis er dette no mogleg takka vere trufaste annonsørar og gåver frå dykk lesarar.

Soknerådet ønskjer å ha eit særleg fokus på dei som gjer ein uløna arbeidsinnsats i kyrkjelyden, og at dei skal kjenne seg verdsette. Dette viser vi mellom anna ved å invitere til medarbeidarfest i november. Det har vore flotte samlingar, og det er godt å sjå at vi er mange som har eit hjarte for kyrkjelyden.

Vi har òg hatt ekstra fokus på givartenesta. I tillegg til offer på gudstenester, er det høve til fast givarteneste til trusopplæringsarbeidet, som omfattar aktivitetar som søndagsskule, Sett-ungdom og konfirmantarbeid.

Eit spennande arbeid er ombygging av kappellet. Vi ser behov for eit lokale til samlingar utanfor kyrkjerommet. Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppe som arbeider for oss, og sakene kjem så til oss for overordna behandling. Vi håpar at dette arbeidet no får fart, og at vi etter kvart kan kome i gang fysisk med ombygginga.

Om våren held vi årsmøte. Der kan de som er medlemmer få større innsikt i arbeidet i Bø kyrkje, kome med meiningar og gi oss gode innspel til fokusområde og prioriteringar. Velkomen til ein prat med oss der eller ta kontakt på andre måtar. Vi set pris på tilbakemelding!

*Venleg helsing
soknerådsleiar Gry Hege Vreim*

Påskefortellinga i bilder

Skrevet av Kristian Gotehus Kohn / Bilder fra Bibelselskapet

Palmesøndag



Jesus blir teken imot som ein konge når han rir inn i Jerusalem på eit esel. Ikkje på ein raud løpar, som kongar og dronningar i dag, men av menneske som viftar med palmeblad – «hosianna!» Kvifor var folk så glade for at Jesus kom til byen den dagen, trur du?

Skjærtorsdag



I øvste etasje samla Jesus alle læresveinane sine for å ete saman og ta farvel. Han byrja med å vaske føtene deira. Ver gode med kvarandre! ville Jesus seie. «Den største av dykk skal vere tenar.» Så tok Jesus brødet og vinen og delte med alle rundt bordet. Kva vil det seie å tene kvarandre?




Seinare same kveld vart Jesus teken til fange av romarane. Peter var ein av Jesu næraste vener. Denne mørke natta laug og banna Peter, og sa at han ikkje kjende Jesus. Kvifor trur du Peter lyg?

Langfredag



Pontius Pilatus var landshovding og den som bestemte kva som skulle skje med Jesus, no når han hadde vorte teken til fange. Pilatus ville eigentleg sleppe Jesus fri, men overprestane og dei eldste fekk folket til å krevje Jesus drepent: «Krossfest han!» ropte dei.

Har du opplevd å bli pressa til å gjere noko du ikkje vil?



Jesus dør på krossen. Rett for hjartet sluttar å slå, utbryt Jesus: «Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.» Kva betyr det å tilgje?

Påskedag



Få dagar etter at Jesus var gravlagd, kom Maria og Maria til grava med den velduftande olja dei hadde gjort i stand. Grava var tom! Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!»

Kvar sundag feirar vi oppstoda i kyrkja, at Jesus stod opp frå dei døde. Det er den glade påskebodskapen, at livet er sterkare enn døden. Jesus som har sagt at vi òg skal få leva om vi så dør.

NORSJØ KAMMERMUSIKKFEST



21.-25. APRIL 2026

21. april	kl. 19:00	GULLBRING KULTURHUS
22. april	kl. 19:00	GRANVIN KULTURHUS
23. april	kl. 19:00	NOTODDEN KIRKE
24. april	kl. 19:00	SKIEN VGS, KAMMERSALEN
25. april	kl. 13:30	VILLA LUNDE
25. april	kl. 19:00	NES KYRKJE

Henning Kraggerud
Eivind Ringstad - Ludvig Gudim
Noa Wildschut (NED)
Senja Rummukainen (FIN)
Gerbrich Meijer (NED)
Kasparas Mikužis (LIT)
Runa Eid Hermansen - Harald Ramm Haugland
Alma Kraggerud - Franz Kraggerud
Vårin Lie Rognes

Luka Cubrilo - Petter Asbjørnsen - Eira Huse - Maia Viken
Ib Lauritz Jenssen Smørås - Fredrik Heistø Carlsen
Hilda Beskow - Maria Izmaylova
Aurora Lizette Lund Hult - Helena Dybdahl
Tuva Negal Kyrkjebø - Nora Kristine Hogga
Elevene på musikklinja ved Skien videregående skole



Foto: Mikkel Eilertsen



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Telemark
FY. KONGVINGEN



Midt-Telemark
kommune

For billetter og mer informasjon:

[Nettside](#)

[Facebook](#)



Sparebank
stiftelsen
Telemark

nybyd



nyMusikks
komponistgruppe



Min påskesalme

Dine hender er fulle av blomster

Av Grete Hasselgård Sele

Ein veldig stor del av jobben min som korleiar er å velje songar og musikk. Det skal vere musikk som passar til dei ulike arrangementa. Det kan vere gudsteneste, konsert, møte, gravferd. Det handlar også om kven som skal framføre musikken.

Det kan vere barn, vaksne, amatørar og profesjonelle. Eg jobbar med dette nesten dagleg, og på den måten har eg også til-eigna meg eit særleg stort tilfang av salmar, og nå skal eg altså velge ein av dei som betyr litt ekstra mykje for meg.

Året er 1981, og arbeidet med ny norsk salmebok var i full gang. Ja, altså ikkje den salmeboka som vi no kallar for «den

nye salmeboka», men den som var før det. Tida går!

Eg var ivrig korsongar i Tune kirkes pikekor, og vi hadde fått i oppdrag av NRK radio å spele inn nokre av dei nye salmane som var vurdert med i denne nye salmeboka som ei tid etter dette skulle gå i trykken. Det var stas å få syngje på radioen i 1981, og vi tok oppdraget skikkeleg alvorleg. Dei salmane vi øva på til dette prosjektet har nok følgt både meg og dei andre jentene etterpå.

Ein av salmane likte vi spesielt godt: Dine hender er fulle av blomster. Songen er av italiensk opphav: Organisten Marcello

Giombini (1928-2003) komponerte musikk til over 80 filmar, fleire av dei westernfilmnar, men han skreiv også kyrkjemusikk.

Allereie i 1966 skreiv han ei ungdomsmesse med song, gitar, piano, bass og slagverk, og fire år etterpå følgde han opp med messa som på norsk har tittelen «Gå i håp».

Her dukkar mi salme opp for første gong, etter at Svein Ellingsen hadde omsett den til norsk. Salma handlar om dialogen mellom kvinnene som fann grava til Jesus tom påskemorgon. Jesus var stått opp, og verda blei full av song!

Eg trur ikkje det kan bli betre for ein korleiar enn dette!



Dine hender er fulle av blomster

Dine hender er fulle av blomster, hvem var det du tenkte å gi dem til?

Mine blomster var plukket til Jesus, graven fant jeg tom, han var ikke der.
Halleluja!

Dine lepper er fulle av sanger. Hvorfor denne glede, hvor kom den fra?

Fra den grav der hans legeme hvilte – han stod opp, og verden ble fylt med sang.
Halleluja!

Dine øyne er fulle av glede. Si, hva har de sett for å få slik glans?

De har sett Herren Jesus! Han lever! Han gir livet mening og lys hver dag.
Halleluja!

*Nei, det trengs ingen blomster til graven!
Jesus, du stod opp og du bor blant oss!
Våre øyne er til for å se deg.
Hendene er til for å tjene deg. Halleluja!*

(Og for dei spesielt interesserte: Kvart einaste år kan ein framleis lytte til denne songen på P1+ påskedagsmorgon, med Tune kirkes pikekor, ein songglad menighet, og med ein 15-årig framtidig korleiar i Bø som solist.)

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon
Tirsdag 24. mars 2026

Bli med og forandre verden!

Av Per Inge Bergem Håland

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon nærmer seg! Våre konfirmanter går fra dør til dør for å samle inn til vann- og utviklingsprosjekter i noen av verdens mest sårbare områder. Ta godt imot dem og gi gjerne et beløp som kan redde liv. Vel møtt til en viktig kveld for både ungdom og lokalsamfunn!

Hjelp nytter

Hver vår går konfirmanter over hele landet fra dør til dør for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Også i år stiller våre egne konfirmanter opp, og vi håper hele bygda vil ta godt imot dem!

Årets aksjon har fokus på rent vann, klimatilpasning og bærekraftige lokalsamfunn. Midlene som samles inn, brukes til helt konkrete og livsviktige tiltak: brønner, vannpumper, sanitærløsninger, nødhjelp, og langsiktig utviklingsarbeid i noen av verdens mest sårbare områder.

Når vi gir, gjør vi to ting samtidig:

1. Vi gjør livet tryggere for mennesker i krise.
2. Vi gir ungdommene våre en opplevelse av at deres innsats betyr noe.



Cathrine Espedalen-Tjønntveit, Mats Østerli,
Sofie Torekaasa Kallesten og Sondre Sveinsson

Konfirmantene går med bøsser

Tradisjonen tro blir konfirmantene våre med på bøssebæring. Det er en viktig del av konfirmanttida, og en av de mest meningsfulle opplevelsene mange tar med seg videre.

For at dette skal gå trygt og effektivt for seg, er vi veldig takknemlige for alle konfirmantforeldre/-foresatte som kan stille som sjåfører denne kvelden.

Hvordan kan du bidra?

Du kan støtte aksjonen på flere måter:

- Ta godt imot konfirmantene når de kommer på døra.
- Gi et beløp, lite eller stort. Det gjør en forskjell.
- Eller gi via Vipps til #2426 dersom du ikke er hjemme.

Sammen gjør vi en forskjell

Fasteaksjonen er et av årets viktigste solidaritetsprosjekter. Det samler menighet, ungdom og lokalsamfunn om et felles mål: å skape håp og gi mennesker mulighet til et tryggere liv.

Takk for at du bidrar, med tid, engasjement eller gave.

Det er slik vi bygger et varmt og ansvarlig fellesskap.

Kyrkja og Rådebank

Året som ligg framfor oss er spennande på mange måtar. Bø kyrkjelyd er valt til å formidle gudstenester på radio og TV. Det har aldri skjedd før!

Rett nok har Bø-bygda blitt godt presentert frå filmen Rådebank (2020-2022) som filma gravferda til «Sivert» frå Bø kyrkje. Filmen tok opp eit alvorleg tema om sjølv mord, og serien var ein av NRKs mest sette TV-seriar.

I år blir det sendt 5 gudstenester frå Bø kyrkje og truleg 6 gudstenester i 2027. Dette blir ein unik sjanse til å fram snakke Bø-bygda og kyrkja sin bodskap gjennom salmar og musikk, som Bø kyr-

kjelyd har gode tradisjonar på. Vi veit at ca. 80 000 høyrer på søndagsgudstenesta på radio og ca. 40 000 ser på TV. Sjølv om vi ikkje når like breitt ut som «Rådebank», formidlar kyrkja ein bodskap som er sann og ekte.

Første sending er søndag 12. april kl. 11.00 – med oppmøte seinast kl. 10.45. Dette blir den første gudstenesta etter påske der kapellan Per Inge Bergem Håland vil forrette. Neste gudsteneste, med folkemusikk, blir på pinsedag, søndag 24. mai.

Axel Bugge

Takk til givarane!

Takk til alle som har vore med å gi til Kyrkjebladet. Soknerådet i Bø har bestemt at Bø kyrkjeblad skal halde fram også i 2026 og kome ut med 4 nummer i fargar med 24 sider.

Underskotet i fjor var på ca. 8 000 og var langt lågare enn det vi hadde forventa. Det skuldast delvis at sidetalet har gått

ned og at vi har fått lågare trykkjeutgifter. Men det viktigaste av alt er at det har blitt fleire givarar. Tusen takk alle som gir og vil halde fram med å gi. Kyrkjebladet er med på å formidle ei stor breidde av det som skjer i kyrkja, og vi takkar for alle som bidrar med at bladet kjem ut!

Axel Bugge

Kistene under golvet i Bø gamle kyrkje

Av Tom Arnesen

I samband med ei større restaurering og utgraving under golvet i gamlekyrkja i 1985, blei det avdekket i alt 28 kister. Dei eldste kistene var frå slutten av 1600-talet, og den siste var sett ned i 1785. På grunn av tidspress vart berre 20 av kistene undersøkte, nokre få grundigare enn andre.

Den arkeologiske utgravinga i 1985 avslørte dessutan at kyrkja var bygd på same stad som ei eldre trekyrkje hadde stått, ei såkalla stolpekyrkje. Det er lite ein veit om denne kyrkja, men det vart avdekt fleire graver frå den tida ho var i bruk. Det blei også funne graver frå før kyrkja blei bygd, truleg frå 1100-talet.

Rett under golvet fann ein dei 28 kistene frå 1600- og 1700-talet. Vi skal her sjå nærare på noko av det som blei funne.

Kistene med innhald var stort sett i god stand. Dei låg på eit underlag av grus og sand, og den tørre lufta hadde skapt gunstige høve for bevaring. Dessverre hadde fleire av kistene vore opna gjennom åra, og innhaldet var rota om. Dette gjorde at det ikkje var like lett å identifisere personane i kistene. Omkring 1800 vart det, etter søknad frå major Mathias Andreas Rye på Nerbø, gjett løyve til «å reinse opp i kjellaren» på grunn av skjemmande lukt. Ein del av lika blei då fjerna og lagt i ei felles grav framfor kyrkjedøra. Det finst ikkje opplysningar om kven

som vart fjerna. I 1805 kom det ei lov som fjerna skikken med å gravlegge folk under kyrkjegolvet, men kistene som er omtalt her, ligg framleis under golvet i gamlekyrkja. Og dei som blei gravlagde her, skal framleis ha denne plassen som sin siste kvilestad.

Kven var dei så, desse som vart gravlagde under golvet kyrkja?

I all hovudsak var det prestane med koner og born som blei gravlagde her. I tidsrommet 1641-1785 har det vore seks prestar i Bø. Alle desse døydde i bygda, og vi må rekne med at dei er gravlagde her.

På innsida av, og over døra til preikestolen, fekk Jesper J. Achton, kapellan i Bø frå 1670-76 og prest frå 1676-89 laga følgjande gravskrift:

Denne formaling til Guds hellige nafns ære, er skeed udi H:isper Jakobsøn Acktons, sognepræst til menigheden, embedis 9. aar, huis S:hustru Sophia Isaachs daat-

ter Schonhagen med endeel hans allerde afdøde børn her nedre under ligge begravne. Huor hand ocsaa oc hans K:hustru Abigal Christens daatter heide akte deres been at huile. Gud dertil nåde forlene samt en salig afsked for Christi skyld. Amen.

Denne gravskrifta kan de sjå på eit av bileta her. Den fortel at det var prestane med koner og born, som vart heidra med ein plass under kyrkjegolvvet. På biletet frå utgravinga i 1985, ser vi kista til presten Gerhard von der Lich Mow som blei gravlagd her i 1785. Lokalhistorikaren Gregar Nordbø skreiv i si tid at:

Gerhard Mow er bisat under gulvet i den gamle kirkes kor, der hans kiste står alene, og dette er den siste begravelsen i likkjeldereren. Landstad forteller at Mow var så overmåte tyk og fed at det måtte hugges en ny dør i fra storstuen i prestegården for at kisten skulle komme igjennom.

I tillegg til prestane og deira familie, blei også kyrkjeigarar gravlagde her. Kyrkjene var kongeleg eigedom, men etter all krigføringa i 1600- og byrjinga av 1700-åra, var statskassa tom. Kongelege eigedomar vart selde, så også kyrkjene. Ulike eigarar sat med kyrkja i privat eige heilt fram til 1864 då ho vart seld til Bø kommune.

Kva inneheld kistene som blei opna og registrert i 1985?

Den eldste daterte kista var ei barnekiste frå 1698. Den siste kista vart sett ned i 1785. 10 av dei registrerte kistene, var



Her er gravskrifta frå 1685 som presten Jesper J. Achton har skrive på innsida av døra til preikestolen. Foto: Tom Arnesen.



Bilete teke under utgraving i 1985. Her ser vi kista til presten Mow i framgrunnen. Arkeolog Ingrid Smedstad deltok under utgravingen. Foto: Nationen 15.07.1985, Tore Skaar.

barnekister. Ein del av personane vart identifiserte, andre ikkje.

Kjelda til denne artikkelen er boka «de sal: folches kisteklæder» i Bø gamle kyrkje. Graver frå 1600- og 1700-åra, av Ingebjørg Gravjord. Dersom nokon er interesserte i å lese meir om dette gravprosjektet, kan boka kjøpast på Bø museum.

Gud er ikke «bare et tastetrykk borte»

Av Ulf Vege



Hvem er egentlig Gud? Hvordan forestiller vi oss Gud? Skal vi ha noen mulighet til å forestille oss Gud, må vi legge bort alle tankebaner og forestillinger vi sitter med.

Jødernes og kirkens tanker (jeg vet ikke nok om muslimesnes) Gud er universets skaper og herre. Denne Gud er i og hos hvert menneske. Han er også i det uendelige univers. Bare en slik Gud gir det mening å tro på.

Denne Gud er alltid større enn våre tanker og forestillinger om Ham.

Gud er hos deg og samtidig hos din slektning på andre sida av jorda. Umulig å forstå, men en slik Gud tror vi på. Av og til bare klammer vi oss til håpet og troen. Gud er ingen «lykkeknapp» som vi kan trykke på når vi trenger det. Vi synes jo vi trenger det, og vi kan ikke forstå at Han ikke ordner opp i saker og ting. All historie viser at det ikke er sånn det virker.

Det avgjørende ved kristen tro er troen på at denne **Gud ble menneske**. Det gjør kanskje Gud mer forståelig. Gud tar ikke bort lidelsen. Han lever i den sammen med oss.

Vi behøver ikke noe tastetrykk, for Gud er her like ved siden av oss. Antagelig i en annen dimensjon uavhengig av tid og rom. Men tett tett ved siden av og stille stille.

Dette finnes det mange fine bibelfortellinger om. Ta og les. Gå i kirka og hør.

Velkommen til årsmøte for Bø kyrkjelyd

Søndag 22. mars rett etter gudstenesta i Bø kyrkje

Årsmelding finn du på bokyrkje.no og i papirform i kyrkja søndagen før årsmøtet.

Tru og Lys- gudstenester


i Tomaskapellet

Søndag 22. mars kl. 17.00

Søndag 19. april kl. 17.00

For menneske med nedsett
funksjonsevne.

Song – Nattverd – Lystenning – Kvelds-
mat – Kyrkjekaffi.



Søndagsskolen

i Midt-Telemark

Søndag 8. mars kl. 11.00

i Sauherad kirke

Søndag 15. mars kl. 11.00

i Bø kyrkje

Søndag 22. mars kl. 11.00

i Sauherad kirke

Søndag 12. april kl. 11.00

i Bø kyrkje. Oppmøte kl. 10.45.


Radio og TV-gudsteneste

Søndag 26. april kl. 11.00

i Nes kyrkje

Søndag 31. mai kl. 11.00

i Bø kyrkje



Slekters gang frå november 2025



Døypte



Åsmund Ajer Kilen
23.11.25



Mari Roheim Seland
30.11.25



Edvard Dahle Eriksen
30.11.25



Emil Torekåsa Langemyr
30.11.25



Signe Slåtta Kåsene
04.01.26



William Aaland Veting
11.01.26



Kristine Kaasine Vaa
11.01.26



Johanne Koksrud
Seljebotn
11.01.26



Anna Falkgjerdet
Gjermundsen døypt i
Slidredomen
18.01.26

Slekters gang frå november 2025

Døypte



Hedvig Søfteland
Bakken
15.02.23

Gravlagde/Bisetting



- 05.12: Ingvar Skobba
- 09.12: Oddvar Jessen
- 11.12: Grete Lill Hansen
- 12.12: Dagny Kristine Stridsklev
- 09.01: Marit Bergva
- 13.01: Johanna Esther Cornelia De Visser Van Bloemen
- 15.01: Randi Haaheim
- 27.01: Martha Øvrebø
- 05.02: Ingrid Reidun Wergeland
- 09.02: Arne Tjæreberget
- 12.02: Roald Johansen
- 24.02: Kjell Reidar Bjerke

Vigde



31.01.2026:
Tor Egil Kaasa og Mari Elise Nesteby

*«Lær oss å telja
våre dagar så vi kan
få visdom i hjartet!»*

Salme 90.12

Påskegåve

Bø kyrkjeblad har kome ut med 4 nummer i året dei siste åra. Bladet har gått med underskot kvart år, og vi er avhengige av å få meir pengar inn for å kunne fortsette.

Kontonummer 2801.53.52096 merk med «Gåve kyrkjebladet»
Vippsnummer 116673 - Bø sokn - 4 Gåve Bø kyrkjeblad

Summen på giroen under er eit forslag og kan justerast både opp og ned.

Beste helsing redaksjonen

Tusen takk for gåva til Bø kyrkjeblad.

Du kan også bruke VIPPS nr. # 116673 kategori 4, eller QR-koden under.

Betalingsinformasjon

Påskegåve 2026

Den utfylte summen er eit forslag, du må gjerne endre den.

Du kan også vippse til # 116673 kategori 4, eller bruk QR-koden.



GIRO

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

BØ KYRKJEBLAD
Kyrjekontoret
Kyrkjevegen 78
3800 Bø

Belast
konto

Kroner	Øre	Til konto
300	00	2801.53.52096



Gøy på Tweens

Foto og tekst: Axel Bugge

Tweens er for barn fra 5-7 klasse hver fredag etter skoletid på Bø bedehus. Her får barna spise pizza og utfolde seg med lek, formingsoppgaver og musikk. Det er Maria Pinschuk som er leder sammen med frivillige. Hver fredag forteller hun en bibelhistorie med å bruke flanellograf. Denne fredagen var det om skapelsen.



POWER

Åpningstider: 10-18 (16)

Tlf: 35 06 03 50



 Bertelsen Nyhuus Optikk

 bertelsennyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no



HAUGESTØL VVS AIS



3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50

Vakttlf. 480 01 222

E-post: post@haugestolvvs.no



MURMESTER

ESPEDALEN

MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30

www.murmesterespedalen.no


MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL M/MØNSTERAVTALE HELFO

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSSOMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM




FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

Brukås Sport AS

www.brukassport.no

 Brukås Sport AS | Tlf. 35 95 06 17 | Bøgata 56, 3800 Bø


Sjekk  Punkt
BILVERKSTED

BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

 **35 95 02 75**



**TELEMARK
BEGRAVELSESBYRÅ**
NORHEIMS EFTF. AS
JARL OLAV RUGTVEIT

Bø - Sauherad - Nome
Distriktets begravelserbyrå siden 1972

Døgnvakt
3595 5280 - 4160 3840
post@telemark-begravelserbyraa.no

Gravsteinsverksted
For ny gravstein, gravering,
rens eller restaurering



SYSTEMBLOKK

Tlf. 35 06 00 00
www.systemblokk.no




UNIKT LÅSESYSTEM
Kun hos Systemblokk

Velkommen til gudsteneste!

DATO	TID	STAD	DAG	TEKST
1/3	11:00	Bø kyrkje	2. søndag i faste	Matt 15, 21-28
8/3	11:00	Bø kyrkje	3. søndag i faste	Luk 11, 14-28
15/3	11:00	Bø kyrkje	4. søndag i faste. Søndagsskule	Joh 11, 45-53
22/3	11:00	Bø kyrkje	Maria bodskapsdag	Luk 1, 26-38
22/3	17:00	Tomaskapellet	Tru og Lys-gudsteneste	
29/3	11:00	Bø kyrkje	Palmesøndag. Familiegudsteneste m/ barnekora	Joh 12, 12-24
2/4	11:00	Bø sjukeheim	I kantina. Skjærtorsdag – nattverd	Matt 26, 17-30
2/4	17:00	Bø kyrkje	Skjærtorsdag. Kveldsgudsteneste	Matt 26, 17-30
3/4	11:00	Bø kyrkje	Langfredag. Jesu lidingshistorie	Joh 18, 1-19.42
5/4	11:00	Bø kyrkje	Påskedag. Høgtidsgudsteneste	Lukas 24, 1-9
6/4	11:00	Jønbn fjellkyrkje	Familiegudsteneste	Lukas 24, 13-35
12/4	11:00	Bø kyrkje	Merk! Oppmøte seinast kl.10.45! Radio- og TV- gudsteneste direkte! Søndagsskule	Joh 21, 1-14
19/4	11:00	Bø kyrkje	3. søndag i påsketida	Joh 10, 11-15
19/4	17:00	Tomaskapellet	Tru og Lys-gudsteneste	
26/4	11:00	Bø kyrkje	4. søndag i påsketida	Joh 16, 16-22
3/5	11:00	Bø kyrkje	5. søndag i påsketida	Joh 15, 1-8
10/5	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste med barnekora. 50-års konfirmanttreff	Luk 18, 1-8
14/5	11:00	Bø kyrkje	Kristi himmelfartsdag	Mark 16, 19-20
17/5	11:00	Bø kyrkje	Grunnlovsdagen	Luk 1, 50-53
24/5	11:00	Bø kyrkje	Merk! Oppmøte seinast kl 10.45! Pinsedag. Høgtidsgudsteneste med folketonar. Radio- og TV-gudsteneste direkte	Joh 20, 19-23
31/5	11:00	Bø kyrkje	Treeiningssøndag. Søndagsskule	Matt 28, 16-20
7/6	11:00	Bø kyrkje	2. søndag i treeiningstida	Matt 3, 11-12
14/6	11:00	Bø kyrkje	3. søndag i treeiningstida	Luk 14, 15-24
21/6	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste. Felles med Sauherad og Nes	Mark 10, 17-27



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø
Telefon: 35 06 10 40 • E-post: post.bo@kyrkja.no
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje,
Kyrkjevegen 63, 3800 Bø

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no //  Bø kyrkjelyd

Redaksjonen:
Ulf Vege, Axel J. Bugge,
Bjørn Seljebotn

Trykk og design:
Superlativ Media AS
Opplag: 3400 eks.